



Älvsbyhus Norge As
Postboks 2008 Høyden
1520 MOSS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/4989 - 23/32521

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2023

Ferdigattest - einebustad gbnr 24/153 Fammestad

Administrativt vedtak: Saknr: 436/23
Tiltakshavar: Morten Tveit
Ansvarleg søkjar: Älvsbyhus Norge As
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve revidert ferdigattest for einebustad på gbnr 24/153. Dette vedtaket erstattar vedtak DS 390/23 av 13.04.23, då garasjen er ikkje omsøkt eller bygd på eigdommen.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 22/4989, datert 03.10.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.04.23.

Skildring

Adresse:	Fammestad 17 5913 Eikangervåg
Bygningstiltak:	Einbustad, utsleppsanlegg, mur
Bygningsnummer:	301112069
Bruksareal:	129 m2- bustad

Avlaup:	privat
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	0

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/4989

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Morten Tveit

Reikeråsvegen 5913
69

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Älvsbyhus Norge As

Postboks 2008 1520
Høyden

MOSS